

## MYLLARGUTEN

Det var ein gong ein liten gut. Han levde for langt over hundre år sidan, og budde i lag med mor si og far sin i ei lita stove. Dei var fattige, men far til guten hadde ei fele, og den var han veldig redd for. Den vesle guten, som heitte Torgeir, var fire år gamal då han byrja og bli interessert i å låne fela til far sin. Men det var ikkje tale om at han fekk lov til å låne den. Fela var ikkje til å leike med, sa far hans.

Far til vesle Torgeir arbeidde på ei mølle der dei mol korn til mjøl. Derfor vart Torgeir snart kalla for "Myllarguten", og det namnet fekk han behalde heile sitt liv. Far til Torgeir heitte Augund.

Vesle Torgeir hadde fleire gonger klart å stela seg til å låne fela av far sin, utan at far hadde merka det. Dette gjorde vesle Torgeir då far hans var ute på arbeid i mølla. Mor hans hadde sett at han av og til stal seg til og låne fela, og då var ho livredd at far skulle koma og sjå det. Men vesle Torgeir hadde alt lært seg til å spela litt på fela, og mor hans syns han var utruleg flink.

Men det nytta ikkje å seie til far at han kunne spela, for det trudde ikkje far noko på. Og far var så redd for fela, at det var nesten som ein skatt for han.

Vesle Torgeir hadde ofte fått høyrte felespell i heimen. Far hans spela litt, og så var det ein kar som heitte Mattis som vanka mykje heime hos far til Torgeir. Mattis var veldig flink til og spela på fela, og vesle Torgeir vart heilt trollbunden av å høyre på Mattis.

Ein dag vesle Torgeir og mor hans, - Gunnhild heitte ho, - var aleine heime, masa Torgeir om å få låne fela. Han sat og kikka opp på veggen der fela hang, og bad så fint mor si:

- *mor, kan eg få låne fela?*

- *nei, huttetu, du minnest vel kor sinna far vart førre gongen du spurde, svara mor hans.* Men Torgeir held fram:

- *ja, men far er på arbeid og kjem ikkje heim att på lenge. Eg vil låne fela!* Men mor hans gav seg ikkje, og sa bestemt:

- *nei, du får ikkje lov!*

Vesle Torgeir vart så lei seg at han måtte grine.

--

Ein dag vesle Torgeir endeleg har fått låne fela av mor si, sit han og spelar og mor høyrer på. Ho syns guten spelar så fint at dette må det bli noko av, tenkjer ho. Torgeir og mor veit ikkje at far har kome heim frå arbeid. No står han utanfor døra og lyder: han står med mjølsekkjen på ryggen og høyrer på det fine spelet i stova. Så børstar han mjølet av kleda sine og vil inn og høyre kven som spelar så fint. Han veit ikkje at det er Torgeir som spelar.

Mor høyrer at far trampar i gangen, ho tek fela fort frå Torgeir og gøymer den bak ryggen sin. Vesle Torgeir har òg gøymt seg bak ryggen til mor, for no er han redd. Så kjem far inn døra, vender seg til mor og spør:

- *Kven var det som spela?*

- *Å, det var ingen det, svara mor.*

*Jau, seier far, - eg høyrde felespel. Og det var ein som kunne spele òg.*

- *Hm, hm krentar mor. Det var Torgeir som fekk låne fela ei stund, for han masa så følt etter den, svarar mor.*

- *Var det du som spela, spurde far* Og var heilt forundra.